

Hemsedal kommune

Møteinnkalling

Hovudutval Plan og Ressurs

Møtested: Kommunestyresalen

Møtedato: 31.01.2008

**Tid: 18.30 - OBS OBS endret
møtetidspunkt**

Eventuelle forfall må meldast til møtesekretær i sekretæriet på telefon 31408800

Varamedlemmer møter kun etter nærmare avtale.

Drøftingssaker: Dispensasjonssak Golf Alpin
Praksis for handsaming av hyttebygging i LNF

Informasjon og drøftingar: Presentasjon utbyggingsplanar Hemsedal Fjellandsby DBC ark.
v/Ingar Dalen

SAKSLISTE

Saknr.	Arkivsaksnr. Tittel
1/08	08/98 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE
2/08	08/98 MELDINGAR
3/08	08/98 DELEGERTE VEDTAK
4/08	07/1699 67/43 - SØKNAD DISPENSASJON,SAL AV FRITIDSLEILIGHET -SAGA APARTMENT - SAJI AS V/OLA MAGNE KIRKEBØEN
5/08	06/226 53/3 - SØKNAD DELING LANDBRUKSEIGEDOM, LYKKJA - KARL-HENRIK AMUNDSSEN
6/08	07/1791 59/20 - SØKNAD FRÅDELING GAMMEL STØLSVOLL, LØKEN MELLOM - TORLEIV LØKEN

7/08	08/3 63/36 - SØKNAD GJENOPPSETTING HYTTE, JONSSTØLANE LYKKJA - ERIK ØREN
8/08	07/58 REGULERINGSPLAN - SOLSIDEN, GRØNDALEN UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN
9/08	07/246 67/32 - ENDRINGSMELDING, ARKER PÅ TAKET, HAUGEN- EIGEDOMEN
10/08	06/1121 69/26 - SØKNAD OM DISPENSASJON FOR OPPSETTING AV HYTTE, STORESKAR - TORE SAUTHON

Hemsedal, 23.01.2008

Håvard Venås (sign)
Leiar

Anne Marie Storeheier
sekretær

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 1/08
Arkivsaksnr: 08/98
Arkivkode:

Saksbehandler:

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 1/08	Hovudutval Plan og Ressurs	31.01.2008

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE

Saka blir avgjort av:

Hovudutval for Plan og Ressurs

Vedlegg:

Ingen

Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av protokoll frå møtet i hovudutval for Plan og Ressurs 6. desember 2008.

Rådmannen si tilråding:

Protokoll frå møtet i hovudutval for Plan og Ressurs 6. desember 2008 vert godkjent.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 2/08
Arkivsaksnr: 08/98
Arkivkode:

Saksbehandler:

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 2/08	Hovudutval Plan og Ressurs	31.01.2008

MELDINGAR/REFERATSAKER

Saka blir avgjort av:

Hovudutval for Plan og Ressurs

Vedlegg:

Ingen

Saksopplysningar:

06/2090-14 – Brev frå fylkesmannen i Buskerud, klagesak på vedtak om fjerning av flaggstenger Fanitullen. Klagen ikkje teke til fylgje.

Rådmannen si tilråding:

Hovudutval for Plan og Ressurs har ingen merknader til meldingane.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 3/08
 Arkivsaksnr: 08/98
 Arkivkode:

Saksbehandler:

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 3/08	Hovudutval Plan og Ressurs	31.01.2008

DELEGERTE VEDTAK

Saka blir avgjort av:

Hovudutval for Plan og Ressurs

Vedlegg:

Ingen

Saksopplysningar:

06/1312	30.11.2007	DS 319/07	PLR/PLR/HARHUS	GNR 73/1
				Søknad innvilget
				73/1 BYGGING AV 4 HYTTER - HEMSEDAL FJELLANDSBY, D1 - GUNN BERIT FEKENE
06/1312	30.11.2007	DS 320/07	PLR/PLR/HARHUS	GNR 73/1
				Søknad innvilget
				73/1 BYGGING AV 4 HYTTER - HEMSEDAL FJELLANDSBY, D1 - GUNN BERIT FEKENE
06/1282 82/114	30.11.2007	DS 321/07	TEKN/BYGGSAK/HARHUS	GNR
				Søknad innvilget
				82/114 - SØKNAD TILBYGG HYTTE, GRØNDALEN - ODD JOHAN NELVIK

- 07/1663 03.12.2007 DS 322/07 TEKN/BYGGSAK/SB GNR 67/64
Hemsedal Café 3560 HEMSEDAL Søknad innvilget
67/64 - SØKNAD OPPSETTING SKILT - HEMSEDAL CAFÉ
- 07/1694 03.12.2007 DS 323/07 TEKN/LANDBRUK/OLAFRO GNR 53/5
Søknad innvilget
Sissel Dymvik Gulbrandsen / Morten Guldbrandsen Lykkja 3560 HEMSEDAL
53/5 - SØKNAD OM SKILLE UT TOMT FOR OPPFØRING AV ENEBOLIG
- 07/1578 03.12.2007 DS 324/07 TEKN/BYGGSAK/SB GNR 68/9
Ikkje avslutta
Høyser A.L. as Hammersborg Torg 3 0179 OSLO
68/9 - INN- OG UTKJØRING FRA RV 52 - SKOGSTAD HOTELL
- 06/2129 04.12.2007 DS 325/07 TEKN/BYGGSAK/HARHUS GNR 68/1
(TOMT 8,9,10) Søknad innvilget
68/1 (TOMT 8,9 OG 10) - SØKNAD OM BYGGING AV TOMANNSBOLIG - -
STUPULVEGEN - LØE PROSJEKT ANS
- 07/904 05.12.2007 DS 326/07 TEKN/BYGGSAK/HARHUS GNR 83/18
Søknad innvilget
83/18 - SØKNAD BYGGING HYTTE, BREKKEFOSS, TUV - LASSE BULL
ENGER
- 07/1597 06.12.2007 DS 327/07 TEKN/LANDBRUK/OLAFRO GNRL
61/12 Søknad innvilget
Geir Hagen 3560 HEMSEDAL
61/12 - SØKNAD OM KONSESJON - THORSET MELLOM
- 07/1721 10.12.2007 DS 328/07 TEKN/LANDBRUK/IK 223 V
Søknad innvilget
Tori Johanna Snerte Thorset 3560 HEMSEDAL
KOMMUNALT TILSKOT 2007 - GRØFTING - TORI JOHANNA SNERTE -
GNR 61/2

- 07/1720 10.12.2007 DS 329/07 TEKN/LANDBRUK/IK 223 V
Søknad innvilget
Arild Thorset Thorset 3560 HEMSEDAL
KOMMUNALT TILSKOT 2007 - NYDYRKING - ARILD THORSET - GNR
61/28
- 07/1722 10.12.2007 DS 330/07 TEKN/LANDBRUK/IK 223 V
Søknad innvilget
Solveig R Veslestølen Lykkja 3560 HEMSEDAL
KOMMUNALT TILSKOT 2007 - GRØFTING - SOLVEIG R VESLESTØLEN -
53/19
- 07/1723 10.12.2007 DS 331/07 TEKN/LANDBRUK/IK 223 V
Søknad innvilget
Petter Brennhovd 3560 HEMSEDAL
KOMMUNALT TILSKOT 2007 - NYDYRKING - PETTER BRENNHOVD
- 07/1724 10.12.2007 DS 332/07 TEKN/LANDBRUK/IK 223 V
Søknad innvilget
Petter Brennhovd 3560 HEMSEDAL
KOMMUNALT TILSKOT 2007 - NYDYRKING - KÅRE THORSET - 61/13
- 07/841 12.12.2007 DS 333/07 TEKN/BYGGSAK/HARHUS GNR
72/98(72/96-72/100) Søknad innvilget
72/98 (72/96.72/100) - RAMMELØYVE STAVEN III - PLANBO RESORT AS
- 07/1229 13.12.2007 DS 334/07 TEKN/UTSLEPP/ELITAN GNR 65/8/15
Magne Brennhovd Søknad innvilget
65/8/15 - UTSLEPP - HYTTE SKOGSHORNTOMTER NR. 125 HEIMSKAR -
TORGEIR JOHNSON
- 07/1565 13.12.2007 DS 335/07 TEKN/BYGGSAK/SB GNR 68/2
Søknad innvilget
Birgit og Johnny Gjestad 3560 HEMSEDAL
68/2 - BRUKSENDRING FJØS TIL ANNEN NÆRING - BIRGIT OG JOHNNY
GJESTAD

- 06/1825 14.12.2007 DS 336/07 PLR/PLR/HARHUS GNR 72/123
Søknad innvilget
72/123 - TOMT 24 - SØKNAD BYGGING HYTTE, TOTTESKOGEN - TIM RESEN
- 07/1786 17.12.2007 DS 337/07 TEKN/LANDBRUK/IK 223 V
Søknad innvilget
Olaug D. Anfinnhaug 3560 HEMSEDAL
KOMMUNALT TILSKOT 2007 - GRØFTING - OLAUG D. ANFINHAUG
- 07/1787 17.12.2007 DS 338/07 TEKN/LANDBRUK/IK 223 V
Søknad innvilget
Jon Thorset 3560 HEMSEDAL
KOMMUNALT TILSKOT 2007 - GRØFTING - JON THORSET
- 07/1788 17.12.2007 DS 339/07 TEKN/LANDBRUK/IK 223 V
Søknad innvilget
Tom Ole Thorset 3560 HEMSEDAL
KOMMUNALT TILSKOT 2007 - GRØFTING - TOM OLE THORSET
- 07/1790 17.12.2007 DS 340/07 TEKN/BYGGSAK/SB L51
Søknad innvilget
Ola Rusto 3560 HEMSEDAL
SØKNAD OM LOKAL GODKJENNING AV FØRETAK - OLA RUSTO
- 06/707 17.12.2007 DS 341/07 TEKN/BYGGSAK/HARHUS GNR
76/40//6 Søknad innvilget
76/40 TOMT 6 - RAMMESØKNAD BYGGING HYTTE, SJAASTADFELTET - CAMILLO EIENDOM AS
- 07/709 18.12.2007 DS 342/07 TEKN/BYGGSAK/HARHUS GNR
82/146 Søknad innvilget
82/146 - SØKNAD BYGGING HYTTE GRØNDALEN - GRØNDALEN UTVIKLING AS

- 06/1827 18.12.2007 DS 343/07 TEKN/BYGGSAK/HARHUS GNR
82/140 Søknad innvilget
Trevaren AS 6887 LÆRDAL
82/140 -TOMT NR. 21 - BYGGING HYTTE - SOLHEISEN-OMRÅDE -
GRØNDALEN UTVIKLING AS
- 06/573 18.12.2007 DS 344/07 TEKN/BYGGSAK/HARHUS GNR 82/77
Søknad innvilget
82/77 LEILIGHETSBYGG GRØNDALEN - SOLSIDEN
- 07/115 19.12.2007 DS 345/07 PLR/PLR/ELITAN GNR 76/19
Geir Rønning Bodøsjøveien 8 8070 BODØ Søknad innvilget
76/19 - UTSLEPPSLØYVE, HYTTE - HUSTADHAGEN, TUV - GEIR
RØNNING
- 06/499 19.12.2007 DS 346/07 PLR/PLR/HARHUS GNR 54/62
Søknad innvilget
54/62 - OPPFØRING AV FRITIDSBUSTAD MARKEGÅRDSLIA - GEIR OG
ARE ZACHARIASSEN
- 07/1812 20.12.2007 DS 348/07 TEKN/BYGGSAK/HARHUS GNR 67/35
Søknad innvilget
67/35 - MELDING ARBEID INNGREP I ELVA V/BANKBYGGET -
SPAREBANK 1 HEMSEDAL
- 06/996 21.12.2007 DS 350/07 TEKN/BYGGSAK/SB GNR 68/24
Søknad innvilget
68/24 - RAMMELØYVE BUSTADHUS SKADVINGEGEN 23 - KNUT TUV
OG JAN HELGE TUV
- 06/1703 21.12.2007 DS 351/07 TEKN/BYGGSAK/HARHUS GNR 80/71
Søknad innvilget
80/71 - SØKNAD BYGGING HYTTE, HESTEHAUGANE

- 07/1273 02.01.2008 DS 1/08 TEKN/OPPMÅ/RBL GNR 72/123
Bjørn Bergesen, advokat Postboks 4 3561 HEMSEDAL Søknad innvilget
72/123 - SØKNAD SEKSJONERING FRITIDSEIGEDOM - KJETIL TUV
- 07/1119 07.01.2008 DS 2/08 TEKN/BYGGSAK/HARHUS GNR
59/181 Søknad innvilget
59/181 - SØKNAD BYGGING BUSTAD, SVØO - SILJE ULSAKER
- 08/21 08.01.2008 DS 4/08 TEKN/BYGGSAK/SB GNR 67/57
Jan Løken 3560 HEMSEDAL Søknad innvilget
67/57 - SØKNAD OPPSETTING SKILT - JAN LØKEN
- 07/1820 08.01.2008 DS 5/08 TEKN/BYGGSAK/HARHUS GNR 69/23
Søknad innvilget
69/23 - SØKNAD BYGGING BUSTAD, SKOGVEGEN 19 - REIDUN
KIRKEBØEN/GISLE KLUTE
- 06/1421 08.01.2008 DS 7/08 PLR/PLR/HARHUS GNR 51/3/35
Søknad innvilget
51/3/35 SØKNAD BYGGING TILSYNSBUSTAD FOR HUNDEKØYRING,
FUGLEHAUGEN - JOHAN MÜLLER
- 07/246 09.01.2008 DS 8/08 TEKN/BYGGSAK/SB GNR 67/32
Ikkje avslutta
67/32 - BYGGESAK HAUGEN-EIGEDOMEN
- 07/1826 09.01.2008 DS 9/08 TEKN/BYGGSAK/HARHUS GNR
54/48/13
Eilif Bjerke Ulsrudveien 27 0690 OSLO Søknad innvilget
54/48/1 - MELDING TILBYGG HYTTE, MARKEGÅRDSLIA - EILIF BJERKE
- 06/1470 10.01.2008 DS 12/08 PLR/PLR/HARHUS GNR 72/12/12
Søknad innvilget
72/12/12 - SØKNAD OM ENDRING: HOLDEBAKKEN APPARTMENT
HEMSEDAL APPARTEMENTSHOTELL AS

- 07/1344 14.01.2008 DS 13/08 TEKN/OPPMÅ/RBL GNR 72/12/12
Søknad innvilget
Åge Haga, Solbjørg Haga, Odd Holde, Olav Holde, Torbjørn Rustberggard, Hemsedal Appartementshotell AS 3560 HEMSEDAL
72/12/12 - SØKNAD OM OPPDELING AV EIERSEKSJONER - HEISHUSENE LEILIGHETER
- 07/1515 15.01.2008 DS 14/08 TEKN/BYGGSAK/HARHUS GNR
86/205 Søknad innvilget
86/205 - DISPENSASJON FOR BYGGING HYTTE VAVATN EVA OG HARALD LIE
- 08/65 21.01.2008 DS 15/08 TEKN/BYGGSAK/SB GNR 72/5
Trevaren AS 6887 LÆRDAL Søknad innvilget
72/5 - RAMMESØKNAD SKARSNUTEN FJELLANDSBY
- 07/1809 21.01.2008 DS 16/08 TEKN/BYGGSAK/HARHUS GNR 75/1
Søknad innvilget
Bjørn Bergesen, advokat Postboks 4 3561 HEMSEDAL
75/1 - SØKNAD FRÅDELING CA. 73 DAA TOMTEOMRÅDE - SKARSNUTEN - ENGEBRET LANGEHAUGEN
- 08/83 21.01.2008 DS 17/08 TEKN/BYGGSAK/HARHUS GNR 88/90
Søknad innvilget
88/90 SØKNAD OM BYGGING AV ANNEKS - OLA ØSTENÅ
- 07/330 22.01.2008 DS 18/08 TEKN/BYGGSAK/HARHUS GNR
88/109 Søknad innvilget
88/109 (H7) - SØKNAD BYGGING HYTTE, KRIK HØYFJELLSSENTER - OLA ARNFINN HARALDSET

Rådmannen si tilråding:

Hovudutval for Plan og Ressurs har ingen merknader til delegerte vedtak.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 4/08
Arkivsaksnr: 07/1699
Arkivkode: GNR 67/43

Saksbehandler: Ragnhild Halbjørhus

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 4/08	Hovudutval Plan og Ressurs	31.01.2008

67/43 - SØKNAD DISPENSASJON, SAL AV FRITIDSLEILIGHET -SAGA APARTMENT - SAJI AS V/OLA MAGNE KIRKEBØEN

Saka blir avgjort av:

Hovedutval for Plan og Ressurs

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon

Dokument i saka:

15.11.2007 67/43-SØKNAD DISPENSASJON REGULERINGSFØREMÅ -SAGA APARTMENT- SAJI AS V/OLA MAGNE KIRKEBØEN (motteke 30.11.07)

Saksopplysningar:

Saji AS vart bygd i 2000-2002, og inneheld 8 leiligheter for utleige. Eigedomen er i reguleringsplan for Trøim Sentrum vedteke 09.02.00, regulert til Forretning, Service og Turist. I reguleringsbestemmesane heiter det ma:

Med servicefunksjonara meiner ein kafe, kafeteria, restaurant, resepsjon og forretning. Øvrig areal kan nyttast til kontor og verksemder for overnatting.

Brevet som er sendt kommunen er i utgangspunktet ein søknad, men som det står i siste avsnitt: ”På dette grunnlag rettes herved en forespørsel til Hemsedal kommune om å kunne selje inntil 4 leiligheter some rene fritidsenheter utan utleigeklausul.”

Det er ikkje sendt nabovarsel. Saka vert likvel lagt fram for utvalet no.

Forhold til overordna plan:

Søknaden er i strid med reguleringsplan for Trøim sentrum, vedteke 09.02.00, då reguleringsformålet her er Turist, ikkje fritidsformål.

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert.

Vurdering:

Utvalet behandla tilsvarende sak som gjaldt eigedom i Ulsåk sentrum. I samband med behandlinga av denne saka vart det mellom anna peika å at kommunen må ha ei prinsippiell drøfting av om ein skal ha ei fordeling varme/kalde senger i sentrumsområda.

Ut frå dette har ikkje administrasjonen kravd meir dokumentasjon for denne søknaden, då det for søkjar er urimeleg å måtte bruke ressursar på ein søknad, dersom utvalet ikkje vil ta stilling til saka no. I tillegg til at det manglar nabovarsel, må det framleggast støyvurdering i samvar med Rundskriv T-1442.

Reguleringsplanen for Trøim sentrum er vedteke i 2000. I drøftingane med denne planen vart dei ulike reguleringsformål i sentrum drøfta ut frå mange ståstader. Hovudspørsmåla den gongen var om ein skulle ha turistformål i blanding med bustadformål. For ein del eigedomar vert resultatet at det er tillatt med blandingsformål. Fritidsformål er ikkje tillatt i sentrum. Om ein overfører dette til omgrepa ein brukar i dag, kan ein seie at det er tillatt med varme senger, men ikkje med kalde.

Saka vert lagt fram utan tilråding, men med fylgjande spørsmål:

Vil utvalet ha attende ein fullstendig søknad for å kune vurdere dispensasjon frå reguleringsplanen?

Vil utvalet sende saka attende til søkjar med tilbakemelding om at utvalet i utgangspunktet er negativ til søknaden no. Men at spørsmålet om varme/kalde sengar i sentrumsområda må drøftast i samband med revidering av kommuneplanen?

Rådmannen si tilråding:

*

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 5/08
 Arkivsaksnr: 06/226
 Arkivkode: GNRL 53/3

Saksbehandler: Ola K. Frogner

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 24/06	Hovudutval Plan og Ressurs	23.03.2006
PS 99/07	Hovudutval Plan og Ressurs	06.09.2007
PS 112/07	Hovudutval Plan og Ressurs	15.11.2007
PS 5/08	Hovudutval Plan og Ressurs	31.01.2008

53/3 - NY HANDSAMING LANDBRUKSEIGEDOM, LYKKJA

Saka blir avgjort av:

Hovedutval for Plan og Ressurs

Vedlegg:

SAMLET SAKSFRAMSTILLING MØTEBOK sak 24/06.

18.09.2007 53/3 -ØNSKJER NY HANDSAMING - DELING LANDBRUKSEIGEDOM, LYKKJA- KARL-HENRIK AMUNDSEN

OVERSIKTKART OVER EIGEDOMENE GNR. 53 BNR. 3 OG GNR. 53 BNR. 2

Dokument i saka:

23.01.2006 53/3 - MERKNAD - SØKNAD DELING LANDBRUKSEIGEDOM, LYKKJA- KARL-HENRIK AMUNDSEN

30.03.2006 MELDING OM POLITISK VEDTAK - 53/3 - SØKNAD DELING LANDBRU... LYKKJA- KARL-HENRIK AMUNDSEN

02.07.2007 53/3 - SØKNADSPAPIR DELING LANDBRUKSEIGEDOM, LYKKJA- KARL-HENRIK AMUNDSEN

04.07.2007 53/3 - AVTALEN OM KJØP AV LANDBRUKSEIGEDOM, LYKKJA - KARL-HENRIK AMUNDSEN

30.07.2007 – INNSIGELSER KONSESJON TOREGARDEN – BREV FRÅ KRISTIN AMUNDSEN

17.09.2007 MELDING OM POLITISK VEDTAK - 53/3 - SØKNAD DELING LANDBRU... LYKKJA

23.11.2007 MELDING OM POLTISK VEDTAK – 53/3 – NY HANDSAMING FRÅDELING

Saksopplysningar:

Søknaden gjeld deling av landbrukseigedom.

Saka var handsama i møte 23.03.06, saksnr. 24/06, og utvalet gjorde slikt samrøystes vedtak:

Vedtak 1

Hovudutval for Plan og Ressurs avslår søknaden om deling av landbrukseigedomen Løkken Søre, gnr 53 bnr 3. Dette er gjort med heimel i jordlova §12.

Grunngjeving for vedtaket er at Hovudutvalet ikkje finn det forsvarleg ut frå den avkastning eigedomen kan gi å la søkjer halde attende gratiskrafta.

Vedtaket kan etter kap.VI i forvaltningslova påklagast til Fylkeslandbrukstyret i Buskerud innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Ei eventuell klage skal sendast Hemsedal kommune, Plan og Ressurs, 3560 HEMSEDAL

Vedtak 2

Hovudutval for Plan og Ressurs avslår søknaden om deling av landbrukseigedomen Løkken Søre, gnr 53 bnr 3. Dette er gjort med heimel i plan- og bygningslova §20-6.

Grunngjeving for vedtaket er at Hovudutvalet ikkje kan sjå at det ligg føre særlege grunnar for å omdisponern tunet til fritid. Det vert lagt vekt på eit ønskje om fast busetting i grendane.

Vedtaket kan etter kap.VI i forvaltningslova påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Ei eventuell klage skal sendast Hemsedal kommune, Plan og Ressurs, 3560 HEMSEDAL

I ny søknad motteke 02.07.07. er søknaden endra m.o.t. at det no vert søkt om å frådele tunet til bustadformål. Når det gjeld gratiskraft, skal selger etter avtalen behalde denne.

Forhold til overordna plan:

Sjå sak 24/06

Miljøkonsekvensar:

Sjå sak 24/06

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert

Vurdering:

Sjølve saka er vurdert i sak 24/06. I og med at søknaden no er endra til å vere søknad om frådelling av tunet til bustadformål, vil saka kunne godkjennast etter plan-og bygningslova.

Administasjonen har tidlegare vurdert det som viktig at gratiskraft fylgjer landbrukseigedomen. Ut frå dette kan ein ikkje rå til at søknaden vert godkjent etter jordlova

Rådmannen si tilråding:

Vedtak 1

Hovudutval for Plan og Ressurs avslår søknaden om deling av landbrukseigedomen Løkken Søre, gnr 53 bnr 3. Dette er gjort med heimel i jordlova §12.

Grunngjeving for vedtaket er at Hovudutvalet ikkje finn det forsvarleg ut frå den avkastning eigedomen kan gi å la søkjer halde attende gratiskrafta.

Vedtaket kan etter kap.VI i forvaltningslova påklagast til Fylkeslandbrukstyret i Buskerud innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Ei eventuell klage skal sendast Hemsedal kommune, Plan og Ressurs, 3560 HEMSEDAL

Vedtak 2

Hovudutval for Plan og Ressurs gjev løyve til omdisponering av 1,5 daa dyrka mark ved tunet på landbrukseigedomen Løkken Søre, gnr 53 bnr 3. Dette er gjort med heimel i jordlova §9.

Grunngjeving for vedtaket er at det er i tråd med gjeldande landbrukspolitikk og i tråd med gjeldande kommuneplan.

Vedtaket kan etter kap.VI i forvaltningslova påklagast til Fylkeslandbruksstyret i Buskerud innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Ei eventuell klage skal sendast Hemsedal kommune, Plan og Ressurs, 3560 HEMSEDAL

Vedtak 3

Hovudutval for Plan og Ressurs gjev løyve til deling av landbrukseigedomen Løkken Søre, gnr 53 bnr 3. Søkjer får halde att gardstunet med ei tomt på om lag 6 daa, stølen med ei tomt på om lag 3 daa. Dette er gjort med heimel i plan- og bygningslova §93-h.

Grunngjeving for vedtaket er at det er i tråd med gjeldande landbrukspolitikk og i tråd med gjeldande kommuneplan.

Vilkår for vedtaket er tinglyst rett til veg på stølen.

Vedtaket kan etter kap.VI i forvaltningslova påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Ei eventuell klage skal sendast Hemsedal kommune, Plan og Ressurs, 3560 HEMSEDAL

Vedtak 4

Hovudutval for Plan og Ressurs gjev løyve til bruksendring av våningshuset på gnr 53 bnr 3 til bustad for fastbuande og stølsbua til fritid. Dette er gjort med heimel i plan- og bygningslova §88.

Grunngjeving for vedtaket er at det er forsvarleg ut frå helsemessige-, brann- og bygningstekniske omsyn.

Vedtaket kan etter kap.VI i forvaltningslova påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Ei eventuell klage skal sendast Hemsedal kommune, Plan og Ressurs, 3560 HEMSEDAL

Hovudutval Plan og Ressurs behandlet saken den 06.09.2007, saksnr. 99/07

Behandling:

Brev frå Kristin Amundsen dagsett 30.07.07. var stempla inn i feil sak, og vart difor referert i møtet.

Odd Holde framlegg til vedtak:

Hovedutval for Plan og Ressurs godkjenner søknaden om deling av landbrukseigedomen Løkken Søre, gnr. 53 bnr. 3. Dette er gjort med heimel i jordlova § 12.

Grunngjevinga for vedtaket er at det er forsvarleg ut frå den avkastning eigedomen kan gi.

Vedtaket kan etter kap.VI i forvaltningslova påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Ei eventuell klage skal sendast Hemsedal kommune, Plan og Ressurs, 3560 HEMSEDAL

Ingrid Jordheim Brenna framlegg til vedtak:

Saka vert utsett for å få ny vurdering på om gnr. 53 bnr. 3 kan bli ei sjølvstendig driftseining.

Framlegget frå Ingrid Jordheim Brenna fekk 5 røyster, og saka vert utsett.

Vedtak:

Saka vert utsett for å få ny vurdering på om gnr. 53 bnr. 3 kan bli ei sjølvstendig driftseining.

Vurdering:

Etter at saka vart utsett har ein motteke brev frå adv. B. Bergsen, som ber om at saka vert handsama på ny. Saksbehandlar finn ikkje grunn for å drøfte denne saka nærare, men viser til tidlegare vurderingar.

Hovudutval Plan og Ressurs handsama saken den 15.11.2007, saksnr. 112/07

Behandling:

Håvard Venås viser til brevet frå advokat Bergesen (06/226-12) og rår til at saka vert realitetsbehandla, då grunnlaget for utsetting i siste møte var privatrettslege forhold.

3 røysta for framlegget til Håvard Venås, 4 røysta for å oppretthalde vedtaket frå forrige møte.

Vedtak:

Vedtaket i sak 99/07 om å utsette saka i påvente ny vurdering på om gnr. 53 bnr. 3 kan bli ei sjølvstendig driftseining, vert oppretthelde.

Ny vurdering:

Bakgrunn for vedtaket i sak 99/07 om å utsette saka i påvente av ei ny vurdering på om gnr. 53 bnr. 3 kan bli ei sjølvstendig driftseining, skuldast etter det **ny** sakshandsamar forstår, i hovudsak brevet frå dottera Kristin Amundsen, av 30. juli 2007. I brevet peiker dottera på nye tanker om å drive eigedomen. Brevet ligg ved som dokument i saka.

I slike saker er det viktig å vere klar over kva forvaltningsrolle kommunen eigentleg har til ein kvar tid. Odelselova, og eventuelle ønsker frå odelsberettiga ligg i første innstans utanfor kommunen si juridiske ansvarsområde i delings- eller konsesjonssaker. Med andre ord er eventuelle ønskje frå born med odelsrett, og seinare handsaming av ein odelsløsningssak av privatrettsleg karakter.

Derimot, dersom det seinare vert reist krav om odelsløsning kan også kjøper av tilleggsarealet/garden be staten om odelsfrigjøring, jfr. § 31 i Odelsloven. Myndigheten til å fatte vedtak om odelsfrigjøring er lagt til Fylkeslandbruksstyret, i medhald av vedtak om overføring av mynde fastsatt av Landbruks- og matdepartementet av 8. desember 2003, § 2 nr. 4. Vedtaket kan påklagast til Statens Landbruksforvaltning. Kommunen har her ei plikt til å førebu saka, og gje ei tilråding. **Her skal ein ta omsyn til alle partane sine argument.**

Det vert difor i denne saka feil å leggje vekt på mogelege ønskje frå nokon med odelsrett. Sakshandsamar legg til grunn følgjande punkter i vidare vurdering:

- Kommunen skal ta stilling til om eigedomen har eit ressursgrunnlag som gjer det mogeleg å drive/ utvikle eigedomen som ei driftseining i høve til dei forutsetningane som ligg til grunn i saka.
- I kjøpekontrakta, men også i brev frå søker av 3. juli 2007 tas det atterhald om at det ikkje reises nokon odelsløsningssak. Dette betyr at uavhengig om kommunen godkjenner fradelingssøknaden, og seinare positiv konsesjonshandsaming, har altså odelsberettiga rett til å reise odelsløsningssøksmål innan eit år etter tinglyst skøyte.

- Kjøper har sterkt behov for tilleggsareal

Tidligere sakshandsamar har i si utgreiing, ref sak 24/06 vist til Jordregisteret i høve til arealgrunnlaget på garden. Jordregistrert er frå 1. mai 1983. Landbrukskontoret har i medan eit ajourført arealregister der også nydyrkingar etter 1983 er registrert. I desse ajourførte registra står eigedomen oppført med 64 daa fulldyrka og 107 daa gjødsla beite. Med andre ord, om lag dobbelt så stort innmarksareal som tidlegare oppgjeve i sak 24/06. Når det er sagt er mykje av A-jorda av middels kvalitet, noko vassjukt, og treng stadig drenering. Areala ligg på rundt 850 m.o.h., med tilsvarende kort vekstssessong.

Me har etter kvart fleire døme på at mindre gardsbruk har vorte delt opp tilsvarende, og selt som tilleggsareal. Det er alltid vanskelig å samanlikne desse sakene. Siste sak som var oppe til slik handsaming var eigedomen Thorset Mellom, gnr. 61 bnr. 12, i sak 21/07. Også i dette tilfelle var eigedomen utan driftsbygningar. Her var det registrert 45 daa fulldyrka, 51 daa gjødsla beite, men også 424 daa produkt skog areal, 256 daa bjørkeskog og 159 daa anna areal.

Aktuell kjøper av arealet, Hans Gunvald Engebretsgard er heilt avhengig av innmarksarealet. Eigedomen står oppført med 81 daa fulldyrka areal, og leiger i tillegg 190 daa fulldyrka mark og 389 daa innmarsbeite. Om lag 74 daa fulldyrka og 20 daa gjødsla beite vert leigd i Valdres. Driftsgrunnlaget elles er basert på ei mjølkekvote på om lag snau 100 000 l, ammekyrproduksjon og 80-90 VF-fora sau. Som ein kan sjå, ligg eigedomane nært kvar andre, sjå vedlagte kart, noko som er positivt med omsyn til målet om ei rasjonell eining.

Spørsmål om ein kan vurdere omsøkte eigedom som ei sjølvstendig driftseining er heilt avhengig av kva for ressurser eventuelle nye eigarar måtte ha. Utan vesentlege driftsbygningar, og eigna driftslausøre vert det uansett store investeringar for å kunne utvikle garden. Samstundes er gnr. 53 bnr. 3 ein eigedom med såpass store areal at det burde vere mogeleg å kunne utvikle eigedomen skritt for skritt.

Med bakgrunn i desse pkt har sakshandsamar likevel valgt å leggje vekt på følgjande punkta.

1. Naboeigedomen til Hans Gunvald Engebretsgard (kjøpar) treng tilleggsareal i høve til forgrunnlag og spreieareal. Aktuelle areal, vil til ein fornuftig pris vere med å styrke driftsgrunnlaget, samt sikre busetting på denne eigedomen. I tillegg, aktiv drift legg også grunnlag for ei aktiv kulturlandskapspleie i området.
2. Administrasjonen har tidlegare peika på eigedomens ressursgrunnlag. Utifra ein totalvurdering har ein konkludert med at eigedomen, utan driftsbygningar og med begrensa produktive arealer (ikkje produktiv skog)/ lite dyrka mark, best er tjent med å bli delt som tilleggsareal til nabobruk. I dette ligg det at ein meiner at omsøkte frådelling vil innebære at jord- og skogvegen truleg vert best forvalta i framtida som tilleggsareal. Denne vurderinga har også Landbruksavdelingen hjå Fylkesmannen støtta. Det har heller ikkje vorte reist nokon motsegn frå naboer, jfr. underteikna nabovarsel.
3. Ei frådelling, der våningshuset vert skilt ut med stor tomt, vil fortsatt bli brukt som bustad – eit forhold som bidreg til å opprettehalde busetnaden i området.

I høve til formålsparagrafen i Jordlova, § 1 meiner sakshandsamar at ei langsiktig forvaltning av produktive areal best vert ivareteke om omsøkte landbruksareala vert tillagt Hans Gunvald Engebretsgard, gnr. 53 bnr. 2. Sakshandsamar slutter seg m.a.o. til tidlegere saksutgreiing, og tilråing.

Rådmannen si tilråding:

Vedtak 1

Hovudutval for Plan og Ressurs avslår søknaden om deling av landbrukseigedomen Løkken Søre, gnr 53 bnr 3. Dette er gjort med heimel i jordlova §12.

Grunngjeving for vedtaket er at Hovudutvalet ikkje finn det forsvarleg ut frå den avkastning eigedomen kan gi å la søkjer halde attende gratisrafta.

Vedtaket kan etter kap.VI i forvaltningslova påklagast til Fylkeslandbrukstyret i Buskerud innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Ei eventuell klage skal sendast Hemsedal kommune, Plan og Ressurs, 3560 HEMSEDAL

Vedtak 2

Hovudutval for Plan og Ressurs gjev løyve til omdisponering av 1,5 daa dyrka mark ved tunet på landbrukseigedomen Løkken Søre, gnr 53 bnr 3. Dette er gjort med heimel i jordlova §9.

Grunngjeving for vedtaket er at det er i tråd med gjeldande landbrukspolitikk og i tråd med gjeldande kommuneplan.

Vedtaket kan etter kap.VI i forvaltningslova påklagast til Fylkeslandbruksstyret i Buskerud innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Ei eventuell klage skal sendast Hemsedal kommune, Plan og Ressurs, 3560 HEMSEDAL

Vedtak 3

Hovudutval for Plan og Ressurs gjev løyve til deling av landbrukseigedomen Løkken Søre, gnr 53 bnr 3. Søkjer får halde att gardstunet med ei tomt på om lag 6 daa, stølen med ei tomt på om lag 3 daa. Dette er gjort med heimel i plan- og bygningslova §93-h.

Grunngjeving for vedtaket er at det er i tråd med gjeldande landbrukspolitikk og i tråd med gjeldande kommuneplan.

Vilkår for vedtaket er tinglyst rett til veg på stølen.

Vedtaket kan etter kap.VI i forvaltningslova påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Ei eventuell klage skal sendast Hemsedal kommune, Plan og Ressurs, 3560 HEMSEDAL

Vedtak 4

Hovudutval for Plan og Ressurs gjev løyve til bruksendring av våningshuset på gnr 53 bnr 3 til bustad for fastbuande og stølsbua til fritid. Dette er gjort med heimel i plan- og bygningslova §88.

Grunngjeving for vedtaket er at det er forsvarleg ut frå helsemessige-, brann- og bygningstekniske omsyn.

Vedtaket kan etter kap.VI i forvaltningslova påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent. Ei eventuell klage skal sendast Hemsedal kommune, Plan og Ressurs, 3560 HEMSEDAL

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 6/08
 Arkivsaksnr: 07/1791
 Arkivkode: GNR 59/20

Saksbehandler: Ola K. Frogner

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 6/08	Hovudutval Plan og Ressurs	31.01.2008

59/20 - SØKNAD FRÅDELING GAMMEL STØLSVOLL, LØKEN MELLOM - TORLEIV LØKEN

Saka blir avgjort av:

Hovudutval for Plan og Ressurs

Vedlegg:

Kart over parsellen

Dokument i saka:

21.11.2007 59/20 - SØKNADSPAPIR FRÅDELING GAMMEL STØLSVOLL, LØKEN MELLOM-TORLEIV LØKEN

10.01.2008 FORELØPIG SVAR - 59/20 - FRÅDELING GAMMEL STØLSVOLL HANDSAMINGSGEBYR


Saksopplysningar:

Det ligg føre ein søknad om frådeling av ca. 2 daa gamal stølsvoll. På stølsvollen ligg ei gamla

lafta løe. Løa på vollen vart truleg bygd sist på 1800 talet.

Søkker står som eigar av landbrukseigedomen Løken Mellom, ein ressurssterk gard i aktiv drift.

Garden driv med mjølkeproduksjon med oppføring av oksar der søkker er deltakar i ei




samdrift med 3 andre passive deltakarar.

Garden har om lag 299 daa fulldyrka areal, og 23 daa innmarksbeite. I Jordregisteret står eigedomen oppført med 457 daa produktiv skog, 668 daa anna skog, og 322 daa anna areal.

Omsøkte stølsvoll ligg i området mellom Ulsåkstølen og Løkjestølen, på økonomisk kartverk ligg tomta rett nord for Sørestølen på ca. 960 m.o.h., og grenser inntil hyttetomt gnr. 59 bnr. 107. Parsellen ligg for seg sjølv, med sameige på nordsida. Det vert i søknaden understrekt at parsellen skal nyttast som sjølvstendig brukseining.

Bakgrunnen for aktuell frådelingssøknad heng saman med tidligare arveoppgjer tilknytta generasjonsskifte på garden. Det var for lenge sidan (1930) einigheit om at broren til goffan



Kart; Viser eigedomen sine 2 stølsovråder. Nord for aktuell stølsvoll ligg sameige som eigedomen har rettari, og vest for aktuell stølsvoll ligg hovudstølen til garden, gnr. 59 bnr. 20.

til eigar idag, Mekkel Løken, skulle få omsøkte voll som ledd i arveoppgjer. Mekkel fekk i denne samanheng også ei anna tomt, som familien i dag bruker i same område. Frådelinga av omsøkte parsell vart seinare ikkje følgt opp, noko Torleif no ønskjer å få ordna opp i.

Det er i søknaden ikkje sagt noko om føremålet med frådelinga. Etter telefonsamtale med Karin Syrstad, (slekt med Mekkel, kjøper), vert det i dag bekrefta at dei ikkje har nokon planer om å byggje på tomta. Det kan tenkast at dei ønskjer å ruste opp løa, og ha den som ei naturleg stoppestad når dei går turar i området. Dei føler ei tilknytning til området. Samstundes, som

Karin sa - å få hand om tomta er uansett ei ressurs som kanskje seinare generasjonar kan gjere nytta av.

Ingen av naboane har noko merknad på nabovarsel.

Forhold til overordna plan:

Aktuell tomt ligg i LNF- område (Landbruk, Natur og Friluftsliv), kategori LNF-HB i kommuneplanen. I område er det opna opp for utviding av eksisterande bygg tilknytta spreidd fritidsbebyggelse. Tomta er bebygd med løe tilknytta landbruksdrift.

Miljøkonsekvensar:

Ingen direkte, men parsellen ligg i eit attraktivt kulturskapsomåde.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert.

Vurdering:

Omsøkte frådeling vert vurdert etter Jordlova og Plan og Bygningslova.

Vurdering etter Plan og Bygningslova:

Dispensasjon:

Sidan arealbruken ikkje vert endra ved ei eventuell frådeling jfr. omsøkte søknad er heller ikkje arealbruken i strid med kommuneplan. Det er difor ikkje trong for å handsame søknaden etter §7 i Plan og Bygningslova.

Vurdering etter Jordlova:

§12 i Jordlova seier at det i utgangspunktet ikkje er lov å dele i frå ein eigedom. Eigedom som er nytta til jordbruk eller skogbruk kan ikkje delast utan samtykke frå departementet. Delingsforbodet er eit viktig virkemiddel for å sikre ein tenleg bruksstruktur, samt å samle ressursane på bruket for noverande og framtidige eigarar. Forbod mot deling er ikkje absolutt. Vilråa for samtykke til deling er enten at samfunnmessige interesser av stor vekt taler for det, eller at deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastning eigedomen kan gi. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal òg takast omsyn til godkjende planer som ligg føre for arealbruken etter plan- og bygningslova og omsynet til kulturlandskapet.

Jordloven sitt føremål medfører imedan også at § 12 må praktiserast i lys av samfunnsutviklinga i området eigedommen ligg.

Vi har mange døme på at det i samband med eigarskifte vert lagt til grunn at søsken skal få tomter som del av arveoppgjeret. Ei slik utvikling er i strid med føremålet til Jordlova. Ei slik praksis bryt med sjølve føremålet med Jordlova, ref. §1 ...sitat, *Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.*

Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltinga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.

Skal ein følgje ein slik praksis vil det for kvart generasjonsskifte svekke eigedomen.

Ein kan likevel forstå dagens eigar, men også potensiell ny eigar med bakgrunn i tidlegare privatrettslege avtaler. Slike avtaler vert likevel ikkje vurdert som god nok grunn til å få parsellen frådelt. Slike avtaler kan ikkje tillegast avgjerande vekt.

Stølsvollen ligg noko for seg sjølv. Torleif Løken har ikkje brukt stølsvollen i aktiv drift på mange år.

Aktuell stølsvoll med løe ligg i eit område med særst høg kulturlandskapsverdi. Dette følgjer av tidlegare kulturlandskapsregistreringar, som omtalar aktuelt området frå Løkjestølane, og vidare austover forbi Ulsåksstølane som store samanhengane areal med stor miljøverdi.

I nyleg vedtatt Landbruksplan (sektorplan) vert også aktuelt område spesielt trekt fram som eit prioritert Kulturlandskapsområde. Beiting, støling og kulturlandskapspleie heng saman med aktiv landbruksforvaltninga. Ei frådeling vil bryte denne naturlege samanhengen sjølv om ny eigar venteleg er bevisst på desse verdiane. Det er imedan ingen garanti for at seinare generasjonar vil vere like medvetne.

Ei frådeling av stølen krev tinglyst rett til veg.

Moment som er vurdert:

- ✓ Samfunnsinteresser av stor vekt.
Sakshandsamar kan ikkje sjå at det er samfunnsinteresser av stor vekt som talar for frådeling
- ✓ Avkastning av eigedomen
Isloert sett vil ikkje ei frådeling av eit mindre areal vere avgjerande for den økonomiske utvikling av eigedomen. Samstundes kan stølsvollen utgjere ein ressurs i samband med framtidig beiting.
- ✓ Drifts og miljømessige ulemper
Ei frådeling vil på sikt kunne ha negative innverknad på ei samanhengande kulturlandskapsforvaltning i området. Aktuelt område ligg i eit samanhengande kulturlandskapområde med store verdier
- ✓ Godkjende planer for området
Arealet ligg i LNF – HB, og ei deling vil ikkje endre på arealbruksføremålet, så lenge det er snakk om uendra bruk.

Rådmannen si tilråding:

Hovudutval for Plan og Ressurs avslår søknaden om frådeling av stølsvoll etter § 12 i jordlova. Ei deling er ikkje forsvarleg ut ifrå den avkastning eigedomen kan gje. Det vert særleg lagt vekt på dei kulturlandskapsverdiar parsellen innehar i høve til framtidige forvaltning av kulturlandskapet.

Vedtaket kan etter kap.VI i forvaltningslova påklagast til Hemsedal kommune innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 7/08
Arkivsaksnr: 08/3
Arkivkode: GNR 63/36

Saksbehandler: Harald Huse

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 7/08	Hovudutval Plan og Ressurs	31.01.2008

**63/36 - SØKNAD GJENOPPSETTING HYTTE, JONSSTØLANE LYKKJA
- ERIK ØREN**

Saka blir avgjort av:

Hovudutval Plan og Ressurs

Vedlegg:

Teikningar
Kartutsnitt
Brev frå K.E.LARSSON datert 21.12.2007
Foto (blir delt ut)

Dokument i saka:

28.12.2007 63/36 - SØKNAD GJENOPPSETTING HYTTE, JONSSTØLANE LYKKJA- ERIK ØREN

04.01.2008 63/36 - FØRELØIG SVAR: SØKNAD GJENOPPSETTING HYTTE, JONSSTØLANE ERIK ØREN

Saksopplysningar:

K.E.LARSSON as søker på vegne av tiltakshavar Erik Øren om gjenoppføring av fritidsbustad på gnr 63 bnr 36. Grunngevinga er at eksisterande fritidsbustad, ved forsøk på rehabilitering, raste saman (forutan baderom), grunna svikt i eksisterande konstruksjonar/fundament.

Vedlagte teikningar viser eit bygg med grunnflate 18,32 m x 7,32 m. I tillegg er det etablert svalgangar på 1,25 m der delar av desse blir målverdige. På grunnlag av svalgangane er dessutan taket heva noko.

Ved søknad i 2005 viste vedlagte teikningar eksisterande bygg med grunnflate 17,60 m x 6,75 m. Avviket blir forklart med at teiknearbeidet den gongen var basert på gamle teikningar funne i hytta, og desse vart ikkje kontrollmålt mot den faktiske bebyggelse.

På eigedomen finst det i tillegg 1 anneks og 1 uthus. Begge desse er nye bygg som har erstatta nokunlunde tilsvarande som har stått der tidlegare (ikkje søkt om).

Tiltaket er nabovarsla. Det har ikkje kome merknader innan fristen.

Søknaden er ikkje sendt på høyring då endringane i høve til eksisterande fritidsbustad er moderate basert på tilrådinga, men kopi av vedtaket blir sendt fylkesmannen då denne har klagerett. Ved søknad om utviding på drygt 20 m² i 2005 var saka på høyring til Fylkesmannen i Buskerud. Miljøvernavdelinga rådde då til at det ikkje vart gitt dispensasjon, og vasla at dei ville vurdere å påklage eit ev. positivt vedtak. Hovudutval Plan og Ressurs av slo søknaden i saksnr. 85/05 den 13.10.2005. Avslaget vart påklaga, men fylkesmannen tok ikkje klaga til følge.

I epost 14.01.2008 skriv tiltakshavar at dersom det forenkler saka kan dei senke høgda med 20 cm og redusere takutspring til 100 cm.

Forhold til overordna plan:

Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område) i gjeldande kommuneplan. I høyringsutkastet til ny kommunedelplan låg tomta som byggeområde der eksisterande fritidsbygg kunne utvidast med ei øvre grensa på 110 m² T-BRA. Miljøvernavdelinga hjå Fylkesmannen i Buskerud sette fram motsegn og ba om at m.a. denne tomta blei sett av som LNF-område. Det er førehandsvarsla at kommunen vurderar å ta omsyn til kravet frå fylkesmannen. Regulering av arealet/tomtene til LNF-område inneber at eksisterande bygg ikkje kan utvidast og nye ikkje kan førast opp utan at det blir søkt om, og gjeve, dispensasjon. Gjenoppbygging er óg betinga av dispensasjon.

Miljøkonsekvensar:

Små, då det har stått ei nokonlunde tilsvarande fritidsbustad på eigedomen tidlegare. Det er lagt opp til jordvarmeanlegg.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert

Vurdering:

Det blir søkt om gjenoppføring av fritidsbustad som etter opplysningar frå søkjar har rast saman under forsøk på restaurering.

Tiltakshavar var i kontakt med kommunen og fekk stadfesta at restaurering ikkje var søknadspliktig. Synfaring i området avdekkar seinare at heile bygget unntatt baderom var fjerna, ny plate var støypt, terreng oppfylt og kjellar utvida. 07.11.2007 sende kommunen brev med krav om innsending av søknad før vidare arbeider då omfanget går ut over det som kan kallast restaurering.

I enkelte tilfeller er det gitt dispensasjon for riving og gjenoppbygging av tilsvarende bygg. Det same kan virke rimeleg i dette tilfellet, men ikkje noko større då eigedomen ligg høgd opp i lia, er eksponert framme på pynten og er frå før bebygd vesentleg utover det som normalt har blitt godkjent i området. I forslag til ny kommunedelplan låg det inne forslag om ei arealgrens på 110 m² T-BRA for eigedomen, men fylkesmannen sette fram motsegn og ba om at m.a. arealbruken for denne tomte vart omgjort til LNF.

Kontrollmåling på ny teikning viser eit målbart bruksareal BRA på 142 m² (125 m² om svalganger blir redusert). I tillegg er det eit uthus på ca 30 m² og eit anneks på ca 24 m². Totalt gjer dette eit T-BRA på ca 196 m² (179 m²).

Ved søknad om tilbygg i 2005 viste teikningar over eksisterande fritidsbustad eit BRA på ca 110 m². Arealet har no auka, men det blir hevda at tidlegare mål var basert på gamle teikningar som ikkje var kontrollmålt mot faktisk bebyggelse. No er tidlegare bygg oppgitt å vere 0,57 m breiare og 0,72 m lenger. I tillegg gjer omsøkte svalganger at målbart areal aukar. Desse, saman med litt brattare takvinkel, gjer at mønehøgda blir nær 1 meter høgare enn på gamle teikningar (0,5 m på grunnlag av reviderte teikningar over eksisterande). Inntrekk inngangsparti er fjerna og erstatta av eit mindre takoverbygg. Vidare er det etablert ein utvida kjellaretasje.

I kommunen sitt arkiv er det når saka blir skriven ikkje funne teikningar av fritidsbustaden som er godkjent - kun ein del foto av eksisterande + ortofoto. Søkjar hevdar at gamle teikningar dei fann i fritidsbustaden viser eit mindre bygg enn det som er oppført. Om dette er teikningane som var godkjente tyder det på at bygget frå før ikkje var oppført i samsvar med desse. Nokon eintydig konklusjon er vanskeleg å gjere på grunnlag av tilgjengeleg dokumentasjon.

I utgangspunktet er det søkjar sitt ansvar å dokumentere at tiltaket ikkje blir noko større enn det eksisterande. I følgje tiltakshavar vil det bli lagt fram dokumentasjon på dette innan møtet. Dette gjeld ikkje svalgangane som no er søkt om i tillegg.

Konklusjon:

Administrasjonen si vurdering er at det bør kunne gis dispensasjon for gjenoppbygging av ei tilsvarende hytte, men ingen auke i volum/areal. Dette fordi eigedomen ligg høgt opp i lia, er eksponert framme på pynten og frå før er bebygd vesentleg ut over det som vanlegvis blir godkjent.

Dokumentasjonen er ikkje mottatt når saka blir skriven. Før denne er vurdert er det vanskeleg å leggje fram ei tilråding. Blir det sannsynleggjort at grunnflata ikkje er utvida bør det kunne bli gitt dispensasjon for gjenoppbygging på vilkår av at verken T-BRA eller mønehøgda blir auka i høve til det som er vist på reviderte teikningar for eksisterande hytte. Saksbehandlar har tidlegare, i samband med restaurering/utskifting av tak, antydning at grensa for søknad går ved eit avvik på ca 20 cm. Dette samsvarar omlag med den justeringa som tiltakshavar har føreslått.

Forslag til vedtak - basert på at det kan sannsynleggjerast at det er reviderte teikningar, ikkje dei frå 2005, over eksisterande som stemmer:

Hovudutval Plan og Ressurs finn at det føreligg særlege grunnar, og gir i medhald av § 7 i plan- og bygningslova, dispensasjon på vilkår for gjenoppføring av fritidsbustad på gnr 63 bnr 36 i samsvar med søknad frå K.E.Larsson AS datert 21.12.2007. Grunngevinga er at det er sannsynleggjort at tiltaket omlag tilsvarar bygget som har stått der frå før, og som skal ha rasa saman under forsøk på restaurering.

Det blir sett vilkår om at svalgangar blir redusert til maksimalt 1,0 meter og mønehøgde blir redusert med 0,2 meter i høve til innsendte teikningar i samsvar med epost frå tiltakshavar 14.01.2008.

Vedtaket kan etter kap. VI i forvaltningslova påklagast til Fylkesmannen i Buskerud innan tre veker.

Rådmannen si tilråding:

*

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 8/08
 Arkivsaksnr: 07/58
 Arkivkode: PLAN 37

Saksbehandler: Ragnhild Halbjørhus

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 54/07	Hovudutval Plan og Ressurs	26.04.2007
PS 61/07	Hovudutval Plan og Ressurs	24.05.2007
PS 8/08	Hovudutval Plan og Ressurs	31.01.2008

<p>REGULERINGSPLAN - SOLSIDEN, GRØNDALEN UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN</p>
--

Saka blir avgjort av:

Hovedutval for Plan og Ressurs

Vedlegg:

24.05.2007 SAMLA SAKSFRAMSTILLING SAK 61/07
 11.10.2007: REVIDERT PLANKART, REGULERINGSBESTEMMELSAR OG PLANBESKRIVELSE
 (VERT LAGT PÅ KOMMUNEN SINE HEIMESIDER)

Dokument i saka:

05.01.2007 REGULERINGSPLAN - ENDRING - SOLSIDEN, GRØNDALEN

11.01.2007 VEDR. VARSEL OM ENDRING REGULERINGSPLAN - SOLSIDEN, GRØNDALEN

22.01.2007 UTTALE - REGULERINGSPLAN - ENDRING - SOLSIDEN, GRØNDALEN

29.01.2007 FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN - SOLSIDEN, GRØNDALEN

16.04.2007 TILLEGGSTOMTER - SOLSIDEN, GRØNDALEN

19.04.2007 FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN - SOLSIDEN, GRØNDALEN

30.04.2007 VEDR. FORSLAG TIL NY REGULERINGSPLAN FOR SOLSIDEN, SAK NR. 54/0

30.04.2007 VS: VEDR. FORSLAG TIL NY REGULERINGSPLAN FOR SOLSIDEN, SAK NR. 54/0NY
 MAIL MED VEDLEGG

08.05.2007 REGULERINGSPLAN SOLSIDEN - GRØNDALEN- FEIL I KART

08.05.2007 DEKKO OG ENDRING AV REGULERINGSPLAN FOR SOLSIDEN

16.05.2007 TILLEGG TIL REGULERINGSFORSLAG FOR SOLSIDEN- RELEVANTE INNSPILL SOM TILLEGGSINFO

21.05.2007 KARTSKISSE OG NOTAT DEKKOEIENDOMMEN MØTE DEN 24/5-07

23.05.2007 VS: KORRIGERT PLANFORSLAG, GRØNDALEN.

11.06.2007 MELDING OM POLITISK VEDTAK - REGULERINGSPLAN FOR SOL... I GRØNDALEN

14.08.2007 REGULERINGSPLAN - ENDRING - SOLSIDEN, GRØNDALEN- KLAGE

11.10.2007 REVIDERT PLANFRAMLEGG

Saksopplysninger:

Hovedutval for Plan og Ressurs handsama i sak 61/07 spørsmålet om endring av reguleringsplanen for Solsiden i Grøndalen.

Samrøystes vedtak i saka:

Hovedutval for Plan og Ressurs er positive til å vurdere følgjande endringar i vedtatt plan:

- 1. Deling av det regulerte turistområdet (L1) i to områder etter prinsippa som skissert i alternativ 3 i merknad frå Grøndalen Utvikling AS av 15.05.2006. I det ligg det at areala omfatta av bygg A, B, C, D, E og F blir regulert som fritidsbebyggelse. Dei øvrige områda blir regulert som turistområde. Barneheisen må etablerast før siste bygg innanfor område for fritidsbebyggelse blir frigjort. Dette må innarbeidast som rekkefølgebestemmelse.*
- 2. Tomtene blir justert i samsvar med ynskje frå regulant. Samtidig ber utvalet regulant vurdere behovet for andre arealbruksendringar, dvs. feltkontrollerer planen for å sikre at den er gjennomførbar.*
- 3. Regulering av 2 nye fritidstomter merka T2 og T3 på kartforslaget utdelt i møte på Dekko-eigedommen på vilkår av at tal på bruksnummer for eigedomane frameleis vert 4.*
- 4. Planføresegnene må endrast i samsvar med dei nye føresegnene i teknisk forskrift.*
- 5. Administrasjonen får fullmakt til å gje dispensasjon til oppstart av to nye bygg i samsvar med planframlegget.*

Revidert planframlegg vart oversendt kommunen 10.11.07. Utvalet gjorde ikkje vedtak om at planan skulle leggjast ut til offentlig ettersyn, og den vert difor lagt fram for utvalet no for vedtak om utlegging til offentlig ettersyn.

Forhold til overordna plan:

Areala er avsett til *alpinområde* og *turistverksemd* i kommuneplana vedtatt av kommunestyret den 08.03.2007 i sak 16/07.

Miljøkonsekvensar:

Endringane medfører ikkje vesentlege nye natur og miljøverknader.

Økonomiske konsekvensar:

Er ikkje vurdert.

Vurdering:

Hovedutvalet vurderte ved behandling av sak 61/07 at planen kunne endrast, og endringane kjem fram i vedtaket. Administrasjonen har ikkje kommentarar ut over dette, og rår til at planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Rådmannen si tilråding:

Hovudutval Plan og Ressurs legg med heimel i § 27-1 i plan- og bygningslova *Reguleringsplan Solsiden- Grøndalen, endring* ut til offentleg ettersyn.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 9/08
Arkivsaksnr: 07/246
Arkivkode: GNR 67/32

Saksbehandler: Stein Breie

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
DS 49/07	Hovudutval Plan og Ressurs	19.03.2007
DS 102/07	Hovudutval Plan og Ressurs	23.05.2007
DS 174/07	Hovudutval Plan og Ressurs	10.07.2007
DS 8/08	Hovudutval Plan og Ressurs	09.01.2008
PS 9/08	Hovudutval Plan og Ressurs	31.01.2008

67/32 – ARKER PÅ TAKET I STEDET FOR GODKJENTE TAKOPPLØFT, PÅ HAUGEN-EIENDOMMEN.

Saken blir avgjort av:

Hovedutvalg for Plan og Ressurs

Vedlegg:

Søknad om endring av tillatelse.

Dokument i saken:

06.12.2007 SØKNAD, ENDRING TIL RAUSTA TAK - HAUGEN-EIENDOMMEN

Saksopplysninger:

Kommunen har mottatt søknad om endring av fire takoppløft til fire arker på leilighetsbygget som er under oppføring på Haugen-eiendommen.

Arkene, som allerede er bygget, er større og plassert andeledes enn de takoppløftene som er vist på de godkjente tegninger. Søknaden er ikke nabovarslet da arkene trolig ikke medfører ulempe for naboer. Taket på bygningen er høyt over nabobygningen og arkene er vendt mot elva.

Saken er lagt til Hovedutvalget da en høy bygning med markerte arker vil være et profilert bilde i Trøim sentrum. Utfallet av søknaden vil trolig også få betydning for de fire andre bygninger som er tiltenkt på bygge på eiendommen.

Forhold til overordna plan:

Bygningen inngår i reguleringsplanen for Haugen.

Under pkt 3 Utnytting av området er det angitt at bygningen sin utforming og karakter skal ha en utforming som harmonerer med byggeskikken i området

Det er bl.a. også angitt en maksimal gesimshøyde på 7,5 m fra gjennomsnittlig tilbakefylt terreng. Ifølge teknisk forskrift regnes gesimshøyde på bygget til overkant takoppløft eller ark. Eksisterende arker er godt over denne høyden, og utførelsen krever dispensasjon fra reguleringsplan. Det er ikke gitt dispensasjon for takoppløftet. Grunnen til dette er gitt under vurdering.

Miljøkonsekvenser:

Ingen, uten om at arkene er godt profilert i sentrumbildet.

Økonomiske konsekvenser:

Ingen

Vurdering:

Tiltakshaver sin begrunnelse for endret utførelse:

Tegningen som er godkjent er vist med ark på hemsene. Taket på arkene er vist som oppløft.

Oppløfttak er ikke noe tradisjon i Hemsedal Sentrum, derfor har tiltakshaver endret det til rausta tak (Banken, Saga, Fanitullen, Hemsetunet)

Kaupanger Tre AS som har beregnet/levert takkonstruksjonene hadde ifølge tiltakshaver store problemer med å få til bæring av takkonstruksjonen med oppløft.

Opplysning om takformer, selv om det er av mindre betydning:

Tiltakshaver opplyser at den godkjente tegningen viser ark på hemsene. Dette er ikke riktig.

Tegningen viser takoppløft. Takoppløft er en konstruksjon med flatt tak, med mer eller mindre fall utover. Ark er det som er bygget, en takform med saltak og møne rett ut fra hovedtaket.

Kommentarer til tiltakshaver sin begrunnelse:

Det kan diskuteres om arkene på Saga, Fanitullen og Hemsetunet er grunnlag nok til å hevde at det er en tradisjon med arker i Trøim, men tak med arker er i allefall en kjent takform i sentrumbildet. Takoppløft som vist på de godkjente tegningene er en mye brukt takkonstruksjon, og medfører vanligvis ikke bygningsmessige problemer.

Takoppløftene, gesimshøyde og søknad om dispensasjon fra gesimshøyde.

Saksbehandler har ikke vært klar over at søknad om igangsetting omfattet takoppløftene.

Etasjeplan over 2.etasje hadde følgende tekst "Hems, vurderes utbygd" Takoppløftet var vist på fasadetegninger men ikke på snitt. Det forelå ingen søknad om dispensasjon for gesimshøyde ut over det tillatte, og av den grunn er det heller ikke gitt noen dispensasjon.

Da det ikke fremgår av vedtak at tillatelsen ikke omfatter takoppløft, og tegninger med og uten oppløftene er godkjent, er takoppløftene som vist godkjente.

Saken er lagt til Hovedutvalget da en høy bygning med markerte arker vil være et profilert bilde i Trøim sentrum. Plan og Bygningsloven §74 pkt 2, estetikkparagrafen; angir følgende:

”Kommunen skal se til at ethvert arbeid som omfattes av loven, blir planlagt og utført slik at det etter kommunens skjønn tilfredstiller rimelige skjønnhetshensyn i seg selv og i forhold til omgivelsene. Tiltak etter denne lov skal ha en god estetisk utforming i samsvar med tiltaktes funksjon og med respekt for naturgitte og bygde omgivelser.”

Det er ikke lagt frem reviderte plantegninger av loftet med arkene. Størrelsene og plassering på arkene er kun vist på fasadetegning mot riksvegen. Av denne tegningen fremgår.

- Arkene er fortsatt i retning elva, men de er flyttet til den andre siden av leilighetene. Det medfører at arkene nå er plassert helt ute mot gavlveggene, mot tidligere hvor takoppløftene var plassert lenger inne på taket.
- Arkformen medfører at møne på arken er omtrent i samme høyde som møne på huset. Takoppløftene har ikke møne noe som medfører betydelig mindre profilering av takformen.
- Bredden på arkene er en god del videre enn de godkjente takoppløftene.
- Arkene synes også å være trukket lenger ut enn de godkjente takoppløftene.

En konklusjon av ovennvente er at på dette høye taket vil den beste estetiske løsningen være takoppløft som er vist på de godkjente tegningene.

Rådmannen si tilråding:

Hovedutvalget finner ikke å kunne godkjenne søknad om endring av takoppløft til arker, og avslår i hht. §74 pkt. 2 i Plan- og bygningsloven søknad om endring av tiltaket.

Arkene som er bygget på taket er så profilerte at de vil medvirke til en uønsket visuell økning av en allerede høy bygning. De godkjente takoppløftene er mindre og har en plassering og takform som ikke fremhever den høye bygningen.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 10/08
Arkivsaksnr: 06/1121
Arkivkode: GNR 69/26

Saksbehandler: Stein Breie

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 10/08	Hovedutval Plan og Ressurs	31.01.2008

<i>69/26 - SØKNAD OM DISPENSASJON FOR OPPSETTING AV NY HYTTE PÅ FRITIDSEIENDOM VED STORESKAR - SAUTHON EIENDOM AS</i>
--

Saka blir avgjort av:

Hovedutvalg for Plan og Ressurs.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon for oppsetting av ny hytte.
Kartutsnitt av området

Dokument i saka:

I 06.06.2006 SPØRSMÅL OM BYGGETILLATELSE, HYTTETOMT PÅ STORESKAR.
U 14.06.2006 SVAR PÅ SPØRSMÅL OM TILTAK PÅ HYTTETOMT.
I 04.09.2007 SØKNAD OM DISPENSASJON FOR BYGGING HYTTE.
U 25.09.2007 KOMMENTARER OG INFORMASJON VEDR. SØKNADEN.
I 20.10.2007 SVAR TIL KOMMENTARER OG INFORMASJON FRÅ KOMMUNEN.
U 30.10.2007 SAKEN SENDT PÅ HØRING TIL FYLKESMANNEN I BUSKERUD.
I 31.10.2007 AKSEPTERERING AV GEBYR FOR SØKNAD OM DISPENSASJON.

Saksopplysninger:

Sauton Eigedom AS har siden 1996 eid en ubebygde fritidseiendom ved Storeskar, gnbr. 69/26. Eiendommen ble solgt av Odd Arild Sjøstad til Sauton Eigedom AS. Tiltakshaver ønsker nå å avhende eiendommen, men da med et avklart forhold mht. om eiendommen kan bebygges eller ikke. Det foreligger ingen godkjent bebyggelsesplan hvor eiendommen inngår, av den grunn søker tiltakshaver om dispensasjon fra kravet om bebyggelsesplan i kommuneplan for oppføring av hytta.

Søknaden er ikke vedlagt tegninger av hytta grunnet usikkerhet om utfallet av behandlingen.

Det har ikke kommet merknader til nabovarselet.

Saken har vært på høring hos Fylkesmannen i Buskerud.

Forhold til overordna plan:

Eiendommen ligger i et område definert som LNF-HC der spredt fritidsbebyggelse er tillatt innenfor gitte bestemmelser, men nye hytter ikke kan bygges uten at det foreligger godkjent bebyggelsesplan.

Miljøkonsekvenser:

Ingen ut over økt aktivitet i området.

Økonomiske konsekvenser:

Ingen

Vurdering:

Etter høring peker Fylkesmannen i Buskerud på følgende:

- Eiendommen ligger i et område med spesielt verdi for allmenne natur- og friluftsinnteresser.
- Hele dalføret er omfattet av rikspolitiske retningslinjer for vernet vassdrag.
- Eiendommen ligger i kanten av leveområdet for lirype og villreinens leveområde.
- Eiendommen ligger mellom to bebygde fritidseiendommer i nærheten av riksvei, og en bebyggelse vil ikke endre arealbruken i vesentlig grad.

Konklusjon fra Fylkesmannen:

- Under forutsetning av vilkår om størrelse, farge og materialbruk, vil ikke saken ha konsekvenser for nasjonale eller regionale miljøinteresser.
- For å unngå uheldig presidents må kommunen ha ei god begrunnelse for en eventuell dispensasjon ut fra konkrete forhold i saken.

Tiltakshaver sin begrunnelse til søknad om dispensasjon:

- Eiendommen ble kjøpt under forutsetning av å være hyttetomt.

Kommunens kommentar til søkers begrunnelse:

Søker har vært i den tro at fritidseiendommen kunne bygges etter godkjenning av søknad om byggetillatelse, uavhengig om det er 10 år siden tomten ble ervervet. Dette er imidlertid ikke å anse som tilstrekkelig særlig grunn for dispensasjon i hht. § 7 i Plan- og bygningsloven. Det som er spesielt i denne saken er at kommunen hjalp til med formidling av hyttetomten. Kommunens formidling kan ha gitt søker inntrykk av at byggetillatelse også ville bli gitt innenfor visse begrensninger. Dette var kanskje også mulig like i ettertid av kjøpet, men revideringer av kommuneplan i ettertid kunne ha endret dette forholdet.

Kommunens vurdering av denne eiendommen i forhold til kommuneplan:

- Eiendommen ligger i LNF-HC område, der spredt fritidsbebyggelse er tillatt innenfor gitte bestemmelser. Kravet i kommuneplan om bebyggelsesplan for oppsetting av nye hytter, vil i dette tilfelle ikke ha den tiltenkte nytten da de forhold en slik plan skal synliggjøre er avklart eller vil bli bestemt ved vilkår.
- Et spesielt forhold i denne saken er etter saksbehandler sin mening at eiendommen ligger mellom to bebygde fritidseiendommer, og i nærheten av riksvei.

- En bebyggelse av eiendommen vil medføre mer bruk av området, men vil ikke endre arealbruken eller ressursbruken av området i vesentlig grad.
- Det er og vesentlig, etter saksbehandlers mening, at en dispensasjon for bebyggelse ikke vil medføre en utvidelse av grensene for hytteområdet.
- Bebyggelse på eiendommen vil ikke vanskeliggjøre bruk av etablerte rekreasjonsområder, skiløyper, turveier eller dyrket mark.

Konklusjon:

En konklusjon av ovennevnte er at en bebyggelse på eiendommen ikke er til hinder for de forhold kommuneplanen er ment å skulle ivareta. Dette sammen med beliggenheten anses som tilstrekkelig særlig grunn til at det i dette tilfelle kan gis dispensasjon fra kommuneplanens krav om bebyggelsesplan.

En eventuell dispensasjon er gjeldende i tre år. Etter den tid vil gjeldende planbestemmelser for området også gjelde for omsøkt eiendom. Saksbehandler ser ingen grunn for at ikke denne eiendommen får de samme vilkår for bebyggelse som kommuneplan angir for LNF-HC område.

Rådmannen si tilråding:

Hovedutval Plan og Ressurs finner at det foreligger grunnlag for å gi dispensasjon, og gir ihht. til § 7 i Plan- og bygningsloven dispensasjon for oppføring av fritidsbolig på omsøkt eiendom. Vilkår for tiltak på eiendommen er de samme som er angitt i kommuneplanens bestemmelser for området LNF-HC. Dispensasjonen omfatter ikke utslippstillatelse, og dispensasjon er gitt på vilkår av at Statens Vegvesen godkjenner økt avkjøringen fra riksvei 52.

Vedtaket kan, etter § 15 i plan- og bygningslova og kap. VI i forvaltningsloven påklages til Fylkesmannen i Buskerud innen tre uker.